

Notat – bustadstopp for flyktningar

På bakgrunn av sterk oppmoding frå UDI om busetjing av flyktningar vart det i sak PS 60/16 Evaluering og ny vurdering i høve omfanget av busetjing og flyktningstenester i kommunen frå 2017 gjort følgjande vedtak i kommunestyret datert 16.11.16: Fitjar kommune gjer vedtak om å ta imot og busetja 8 -10 flyktningar årleg i perioden 2017 – 2021. Ein føreset å ta imot familiar.

Ut frå dei oppmodingane som då låg føre, har Fitjar kommune bygt opp eit tverrfagleg tenestetilbod til å handtera arbeidet rundt flyktningar. Tenesta er bygd opp med to 100 % stillingar i vaksenopplæringa, ei 40 % stilling ved skulekontoret med ansvar for vaksenopplæringa, ei 100 % stilling som leiar for bustad- og Flyktningtenesta, ei 20 % stilling helsesøster og ei 60 % stilling som flyktningkonsulent, den sist nemnte stillinga vert og kombinert med stilling på NAV. Der ein har som mål å ha meir og tidleg fokus på arbeid, samstundes som NAV har ein del ekstra sakshandsaming ovanfor gruppa samla sett, utan at NAV er styrka. Ein vil då lettare kunne utfylle kvarandre med eit tverrfagleg blick i sakshandsaminga.

I følgje brev dagsett 23.06.2017 frå KS og IMDI, basert på oppdaterte prognosar for busettingsbehov av flyktningar frå UDI, ser det no ut til at behovet er om lag at ein tredel av busettingsbehovet for inneverande år. Dersom busettingsbehovet for 2018 vert som noverande prognosar syner, vil ikkje alle kommunar verte oppmoda om vidare busetjing frå neste år av. Dei kommunane som vert oppmoda, må vere førebudde på ein stor reduksjon. Nærare oppmoding om busetting i den einskilde kommune kjem ut i fjerde kvartal i år. Førebels har me berre uoffisielle meldingar om at det er lite sannsyn for at Fitjar får busetje flyktningar i 2018.

Om oppmodinga frå KS og IMDI vert slik ein er førespeilt, rådar administrasjonen til at det må takast eit standpunkt til busetting av flyktningar i kommunestyret. Ein har i framlegg til budsjettet lagt til grunn at det ikkje vert busett flyktningar i 2018 og 2019, med bakgrunn i at ein må ha ei føreseieleg økonomisk balanse i tenesta.

Ved mottak av flyktningar som har fått opphald i Norge er det i hovudsak to typar tilskot kommunen får: Direkte integreringstilskot knytt til flyktningar, som i hovudsak skal nyttast til tenester for flyktningar: Dette gjeld direkte kostnader til introduksjonsstønad (tilsvare løn på 2G), etableringsstønad, språkopplæring, husleige, sosial hjelp, tolketeneste, eigendel SFO/barnehage, og kommunal administrasjon. Dette blir utbetalt kvartalsvis, basert på tal flyktningar pr. 31/12, uavhengig av kva tid på året dei kjem, og består av integreringstilskot, per capita tilskot og barnehagetilskot. Integreringstilskotet vert utbetalt over fem år, men får ein reduksjon etter tre år, og er låg dei to siste åra, då ein føresett at flyktningen er integrert og i jobb. Integreringstilskotet for dei 41 flyktningane som i dag er busett i kommunen, vil få ein reduksjon frå 2018, med ytlebare redusert tilskot i 2019 og der tilskotet uteblir frå 2022.

Dette inneber at ein må sjå på ressursbruk både i tenestetilbodet rundt busetjing av flyktningar og starte ei gradvis nedtrapping ut frå dei behov som no uteblir ved bustadstopp. Administrasjonen har lagt til grunn i budsjettet for 2018-2021 ei gradvis nedbygging av tenesta, med verknad frå januar 2018.

Flyktningtenesta:

Flyktningtenesta vert trappa ned med ein 60 % stilling alt frå januar 2018, då det vil vera mindre behov i tenesta for busetjing og oppfølging av nye flyktningar. Frå hausten 2019 vil ein trappe ned

med ein 80 % stilling. Ein set då att med ein 60 % stilling, som det vil vera behov for å kunne følgje opp tenesta igjennom dei første fem åra.

Norskopplæringa:

Norskopplæringa vert gradvis trappa ned i forhold til det talet på studentar som er tilgjengeleg. Det vert full bemanning med to lærarar fram til sommaren 2018. Frå 1. august 2018 vil det slik me ser det no vera behov for ein lærar ved avdelinga fram til sommaren 2019. Frå hausten 2019 og utover vil det vera nokre få att som treng norskopplæring. Her vurderer me ulike alternativ m.a. eit samarbeid med vaksenopplæringa i Stord kommune.

Økonomiske kosekvensar:

I langtidsplanen er var det føresett av me skulle busetja 10 flyktningar kvart av åra. Konsekvensar på dei ulike einingane vert:

	2018	2019	2020	2021
Vaksenopplæring	18 417,-	97 504,-	- 508 600,-	- 508 600,-
Flyktningetenesta	-348 588,-	-682 025,-	- 977 339,-	- 977 339,-
Introduksjonsordninga	- 827 080,-	- 1 966 294,-	- 2 809 020,-	- 2 809 020,-
Tilskot	1 450 000,-	3 315 000,-	4 527 500,-	5 498 000,-
Sum	292 749,-	764 185,-	232 541,-	1 203 041,-